

| Modul   | Tid                       | Instruktører                    | Tema   | Lokalitet                             |
|---|---------------------------|---------------------------------|--|---------------------------------------|
| <b>1</b><br><b>Instruktøren/<br/>Regissøren –<br/>Møtet med<br/>ensemblet</b> | <b>6. – 8. april 2018</b> | Heljar Berge<br>Stig Olav Aspli | Roller i teamet<br>metodar/verktøy,<br>skodespelartrening,<br>casting, impro.<br>Regikonsept | Sentralen, Øvre<br>Slottsgate 3, Oslo |

## Innhald

### Del A: Instruktøren – møtet med ensemblet

Momenta i denne modulen vil gå att i heile instruktør opplæringa. Vi vil behandle dei fleste av desse fyrst, slik at alle har ei felles forståing av rolla til instruktøren etc. Noko vil bli teoretisk, men eksemplifisert, drøfta og konkretisert. Det meste er arbeid på golvet i denne modulen.

- Rolle og oppgåver instruktøren har
- Ansvaret til instruktøren for læringsklima og som tryggleiksskapar
- Instruktøren som rettleiar og konstruktiv kritiskar
- Oppbygging av undervisning og dramaforløp
- Haldninga til instruktøren overfor barn/ungdom/vaksne - menneskekunnskap.
- Bli kjent med teatergruppa og deltakarar
  - Ambisjonsnivå i gruppa og blant deltakarar
  - Kunstnarisk nivå i gruppa og i blant deltakarane
  - Tal på deltakarar, alder, kjønn, gruppesamansetning
  - Målet med produksjonen/aktivitet (langsiktig og kortsiktig)
  - Kartlegging av ressursar i gruppa
  - Aktørar med spesielle behov/omsyn
  - Skal alle som vil kunne vere med?
  - Audition/casting
  - Ønskjer deltakarane å drive med teater? Kvifor?
- Brytning mellom prosess- og resultatorientert fokus
- Type produksjon/sjanger
- Teateraktivitet, men ikkje produksjon?

## Del B: Metodar, øvingar og verkty – kva for og kvifor?

Praktisk arbeid, utprøving og demonstrasjon av øvingar og diskusjon rundt desse er hovudfokus i del B. Det er viktig at deltakarane som framtidige instruktørar kjenner øvingane inngåande, slik at dei ikkje berre har ei verktykasse å velje frå, men kan tilpasse desse til gruppene dei jobbar med og kan bruke øvingane bevisst og analytisk. For kvart punkt er det sett opp nokre døme. Totalt rekna tid: 20-25 timar

- **Gruppedanning og tryggleiksskapande aktivitetar/Oppvarming**
  - Sosiale og pedagogiske aspekt
  - Mestring
  - Tryggheit
  - Respekt
  - Disiplin
  - Samarbeid
- **Improvisasjon**
  - Improvisasjonsteknikkar i prosessen
- **Skodespelartrening**
  - Figurarbeid
  - Status
  - Kroppsspråk/mimikk
  - Gestar
  - Blikk
  - Stemmebruk
  - Fysiske handlingar
  - Lytte, agere, reagere
  - Fokus
  - Motiv
  - Balanse
  - Rytme
- **Korleis utarbeide regikonsept på bakgrunn av eit gjeve manus**
- **Korleis tildele roller/casting**
  - Strategi for prosess
  - Kva ser vi etter?
  - Bli kjend med den enkelte sitt register og potensial
  - Utfordring/mestring
  - Korleis skal det gjerast?
  - Kva for øvingar kan vi bruke?
  - Førebuingar
  - Krav til fagleg innhald

Del A og B i modul 1 går hand i hand vekselvis gjennom samlinga og er ikkje to åtskilte bolkar.